

# Stipendutlysning for minnefond etter Olav Riste

Stipendutlysning for minnefond etter Olav Riste

Volda vidaregåande skule er hundre år i 2010, og minnefondet etter rektor Olav Riste lyser derfor ut 2 stipend, kvart på kr 10 000, til prosjektarbeid.

Rektor Olav Riste, grunnleggjar og første rektoren ved Volda Landsgymnas, no Volda vidaregåande skule, stod i den lokale opplysnings- og formidlar- tradisjonen frå Hans Strøm og Sivert Aarflot, og det er derfor ønskjeleg at arbeidet har lokal tilknytning.

Det heiter i paragraf 5 i vedtektene:

*Stipendet er tenkt som støtte til prosjektarbeid, studietur o.l. For å kunne få stipend frå fondet, krevst det allment sett ei godt utarbeidd grunngjeving for søknaden. Når stipendet er brukt, krev styret tilbakemelding om bruken, anten i form av ein skriftleg rapport, eller ei kort forelesing/foredrag for tilsette og elevar.*

Tidlegare eller noverande elevar ved Volda vidaregåande skule kan søkje.

Søknadsfrist :  
**1 august 2010**

Søknadsadresse: Minnefondet etter Olav Riste, Volda Vidaregåande skule, Vevendelvegen 35, 6100 Volda.

Du kan lese meir om minnefondet under **Elevsider** i venstremargen på heimesida.

2010.06.15 10:39

Nei